



TOKKE KOMMUNE
Storvegen 60
3880 DALEN

Seksjon Samfunn og plan

Vår dato:	20.05.2026
Deres dato:	27.04.2026
Vår referanse	26/10921-4
Deres referanse:	2024/826-40
Vår saksbehandlar:	Bendik Lien Berge

Førehandsuttale til søknad om dispensasjon - gbnr. 48/1 – søknad om dispensasjon om prøveuttak av steinmasser - Tokke kommune

Telemark fylkeskommune viser til oversending datert 27. april 2026 om dispensasjon frå LNF-formål i kommuneplanens arealdel i Tokke kommune. Uttalefristen er sett til (4 veker) 20. mai 2026.

Telemark fylkeskommune har fått dispensasjonssøknaden oversend med bakgrunn i vurderinga til kommunen av at dispensasjonen rører ved våre saksområder. I samsvar med plan- og bygningslova (frå no av kalla pbl) § 19-1 skal regionale styresmakter bli høyrde før realitetsbehandling i kommunane.

Bakgrunnen i saka

Tokke kommune har motteke søknad frå MTM-anlegg om dispensasjon frå LNF-området i gjeldande kommuneplan for å gjennomføre eit prøveuttak av steinmassar på eigedom gbnr. 48/1 i Tokke kommune. Føremålet med prøveutaket er å teste kvaliteten på steinmassane, som skal nyttast til byggeråstoff i anleggsbransjen. Uttaket er avgrensa til 10 000 m³, som er grensa for konsesjonsfritak. Dersom prøveutaket stadfestar god kvalitet, kan det bli aktuelt med vidare drift, men dette vil i så fall krevje konsesjon og reguleringsplan.

Kommunen sin vurdering:

Administrasjonen sluttar seg til søkjar si eiga vurdering av føremonar og ulemper. Tiltaket har klare samfunnsmessige føremonar: området ligg sentralt inntil E-134, noko som gjer det transportøkonomisk gunstig for heile Vest-Telemark. Stein med god kvalitet er ei mangelvare i regionen, og eit vellukka prøveuttak vil derfor vere eit verdifullt bidrag. I tillegg vil tiltaket styrke næringsgrunnlaget på eit gardsbruk i aktiv drift med mjølkeproduksjon.

Ulempene er avgrensa. Støv og støy er vanleg i massetak, men lang avstand til naboar reduserer verknadene. Berre om lag 5 dekar skog og natur vert råka. Søkjar er samd i at arealet må setjast skikkeleg i stand etter avslutta prøveuttak, særleg sidan det er eksponert mot E-134.

Administrasjonen meiner at fordelane etter dette er klart større enn ulempene. Kommunen vurderer at begge vilkåra for dispensasjon etter pbl. § 19-2 er oppfylte, og tilrår at det vert gjeve dispensasjon til prøveuttak på inntil 7 000 m³. Det vert sett som vilkår at arealet vert sett i stand i

samråd med kommunen, dersom vidare masseuttak ikkje vert iverksett.

Prosess for dispensasjonssaker

Etter pbl § 19-2 andre ledd kan det berre givast dispensasjon viss omsyna bak føresegna det blir dispenserte frå, eller formålsregelen i lova ikkje blir vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjonen vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering. Det kjem fram av lovkommentaren til pbl at det skal tungtvegande grunnar til for å dispensere frå arealplanar, då dei har vorte til gjennom omfattande avgjerdsprosessar og deretter vedtekne av dei øvste folkevalde organa i kommunen. Vidare kjem det fram at dispensasjonen heller ikkje må undergrave planane som informasjons- og avgjerdsorgan.

Vurderinga frå fylkeskommunen

Fylkeskommunen har gått gjennom oversendinga, og har følgjande kommentarar til forhold som rører ved våre fagansvar:

Sektor samfunnsutvikling

Konklusjon

Telemark fylkeskommune har ut frå regionale og nasjonale interesser, ingen vesentlege merknader til søknaden om dispensasjon. Vi kan i dette tilfellet ikkje sjå at ein dispensasjon er i strid med dei regionale eller nasjonale omsyna vi er sette til å vareta

Med helsing

Tor Arne Hellkås
seksjonsleiar
Samfunn og plan

Bendik Lien Berge
Rådgiver
bendik.lien.berge@telemarkfylke.no

Dokumentet er elektronisk godkjent og sendes utan signatur.

Mottakere:
TOKKE KOMMUNE

Kopi til:
STATSFORVALTEREN I VESTFOLD OG TELEMARK
STATENS VEGVESEN